

# Møtereferat

## Årsmøte i Syltøy Grendalag 20.02.2020

Referent: Svein Syltøy

### Saksliste:

1. Innkalling

- Innkallinga vart godkjent utan merknader

2. Val av møteleiar og referent

- Møteleiar: Jan Helge Syltøy
- Referent: Svein Syltøy

3. Val av representantar til å godkjenna referatet

- Kåre Lillebø og Arne Syltøy

4. Gjennomgang av årsmelding for 2020

- Generelt:

Styret har prioritert vedlikehold på bygget og det å sikra ein god økonomi for laget. Til dømes har ein klart å redusera straum utgiftene vesentleg ved å anskaffa ei ekstra varmpumpe på kjøkkenet.

- Drift og utleige av lokalet:

Coasteering er framleis vår klart beste leigetakar og står for dei største leige inntektene. Noko mindre utleige til andre enn året før. Her er det viktig å reklamera i dei rette fora.

- Vedlikehald av bygget:

Ein god del arbeid er utført (bordkledning, nye dører mm.), men dette må det jobbast meir med. Til dømes må huset målast og skifta ut meir bordkledning som er dårleg.

- Aktivitetar i grendalaget:

- Dei vanlege aktivitetane med ryddeaksjon, adventskafé mm. gjekk som planlagt. Adventskaféen fekk også i år eit godt resultat.
- Haustmarknad vart arrangert for andre gong og fekk god oppslutning også denne gangen. Dette arrangementet vil fortsetja men er avhengig av enkelte «ildsjeler».

iii. Overtaking av eigedommen:

1. Styret har søkt om å få overta heile utearealet, i tråd med praksis som er nytta f. eks. for Tellnes. Søknaden ligg til handsaming hos kommunen.
2. Kartverket godtok ikkje verdisetjinga som var nytta på skøytet og sende det i retur. Truleg må ein nytta verdien på heile huset og utearealet samla. Dokumentavgifta kan i dette høve verta betydeleg større enn fyrst forventa (kommunen er kontakta og styret ventar på rettleiing i denne saka).

**5. Gjennomgang av rekneskap for 2019**

- Rekneskapet vart godkjent utan innvendingar.

**6. Gjennomgang av budsjett for 2020**

- Årsmøtet godkjende budsjettforslaget utan endringar
- Kommenterar:
  - i. Av ulike årsaker hadde styret ikkje fått søkt om tilskot/midlar frå kommunen eller andre institusjonar (til dømes Gjensidige stiftelsen). Dete vil verta prioritert i år då det er eit godt potensiale for ekstra midlar. Enkelt personar med erfaring i å utforma slike søknadear melde seg for å hjelpa til med dette (Kåre, Camilla). Fristen for kommunen går ut i Mars.
  - ii. Typisk kan ein søkja om tilskot for leikeplassen, apparat i gymsalen mm.

**7. Saker som var oppe til diskusjon:**

- Leikeplassen må oppgraderast. Camilla har laga ein rapport som beskriv tilstanden (vi har påteke oss ansvaret for leikeapparata) men utbedrings arbeidet er framleis ikkje gjort. Det er og ynskjeleg at «klatreløypa» i skogen blir reparert eller evt. fjerna.
- Vedlikehald: Dette arbeidet må fortsatt ha prioritet. Bygget må setjast i betre stand utvendig, også for at potensielle leigetakarar ikkje skal få eit dårleg førsteinntrykk (det er spesielt dårleg bordkledning som skjemmer bygget). Huset skal målast og i den samanheng må det vurderast å endra farge.
- Kontingent for 2020: Årsmøtet beslutta å behalda denne uendra.
- Utleige/marknadsføring av bygget: Huset er registrert hos selskapslokaler.no. Ytterlegare tiltak for å gjera det betre kjend vert handsama i styret (heng opp oppslag inne og ute om leigemuligheter mm.)
- Bingo: Styret må sjekka om det er lov til å arrangera bingo. Dette heng saman med om grendalaget formelt eige huset, sjølv om vi ikkje har tinglest skøyte.

## 8. Val til nytt styre

- Styremedlemmar på val: Odd Vidar Storesund og Michelle Storesund
- Styremedlemmar ikkje på val: Jan Helge Syltøy, Eldbjørg Syltøy og Odd Kåre Syltøy
- Varamedlemmar på val: Heidi Syltøy og Leif Storesund
- Revisor på val: Jostein Jakobsen
- Valnemd på val: Jarle Syltøy og Svein Syltøy

### Valnemda si innstilling til nytt styre samt forslag på møtet:

- Styremedlemmer: Tor Einar Bendixen (ny), Camilla lanke (ny, foreslått på års møtet)
- Varamedlemer: Leif Gunnar Vindenes (ny) og Leif Storesund (gjenvæl)
- Revisor: Jostein Jakobsen (gjenvæl)
- Valnemd: Jarle Syltøy (gjenvæl) og Odd Vidar Storesund (ny).

Beslutning årsmøte: Valnemda si innstilling vart godkjent samt at Camilla lanke vart valgt inn som nytt styremedlem.

Årsmøte vil nytta høve til å takka avtroppande styremedlemmar for innsatsen og ynskja nye velkomne. Stor takk også til dei som legg ned eit betydeleg arbeid i komitear og andre dugnads grupper.

Godkjenning av referat:

26/2-2020 Kåre Lillebø

Dato/underskrift: Kåre Lillebø

25.02.20 Arne Syltøy

Dato/underskrift: Arne Syltøy

